# MØTEPROTOKOLL

# TENESTEUTVALET

**Møtedato:** 14.06.2010 **Møtetid:** Kl. 15:00 –

**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN **Saksnr.:** 018/10 - 022/10

| **Følgjande medl. møtte** | **Parti** | **Følgjande varamedl. møtte** | **Parti** |
|---|---|---|---|
| Torfinn Grav | Krf | Øystein Østervold | Frp |
| Ingunn Berge Vik | H | Per Espen Vik | ” |
| Kurt Frank | ” | Anne Kathrine Drønen | ” |
| Andreas Risøy | Ap | | |

| **Forfall meldt frå følgjande medl.** | **Parti** | |
|---|---|---|
| Grete Hammervold | Frp | |
| Ronald Persen | ” | |
| Helge Otterå | ” | |
| Renate M. Klepsvik | ” | |
| Ingrid Vågen | | |

| | |
|---|---|
| **Møteleiar:** | Torfinn Grav |
| **Frå adm. møtte:** | Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Helge Skugstad og Norunn Storebø som sekretær |
| **Merknader:** | Ingen |
| **Innkalling:** | Ingen |

Underskrifter:

Torfinn Grav
Leiar

Ingunn Berge Vik

Kurt Frank

Andreas Risøy

Øystein Østervold

Per Espen Vik

Anne-Kathrine Drønen

# Sakliste

| Sak nr. | Saktittel |
|---|---|
| 018/10 | Godkjenning møtebok tenesteutvalet 10.05.2010 |
| 019/10 | Politisk kvarter - tenesteutvalet |
| 020/10 | Rapport frå helsevernetaten vedrørande Storebø skule og Nordstrandbygget, og skulestruktur i Austevoll kommune |
| 021/10 | Småtun barnehage og uteståande arbeid i samband med helsevernrapport. |
| 022/10 | Søknad om etablering av utegruppe i Kolbeinsvik barnehage |

**018/10: Godkjenning møtebok tenesteutvalet 10.05.2010**
**Vedtak**:
Møteboka frå møte i tenesteutvalet 10.05.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

**019/10: Politisk kvarter - tenesteutvalet**
Handsaming i møtet:
Spørsmål frå Øystein Østervold (Frp)

Gjeld vegen frå rundkjøringa v/Eidsbøen til Åna. Vegen er veldig dårleg. Er det kommune eller fylke som har ansvar for vedlikehald av denne strekninga?

Rådmannen svara:
Det er fylkesveg og fylket har anvaret for vedlikhald. Han kjenner ikkje til at fylket har planer om vedlikehald mht asfalering og liknande no. Det er også ei formannskapsak . I fohold til kommunale vegar er det laga sak til Fsk med hensyn til midlar som skal bevilgast til dei kommunale vegane.

**Vedtak**:
Vert lagt ved møteboka

**020/10: Rapport frå helsevernetaten vedrørande Storebø skule og Nordstrandbygget, og skulestruktur i Austevoll kommune**

Handsaming i møtet:
Rådmannen orinterer om tilstanden til dei to bygga ved Storebø skule.

I samband med at medlemane i utvalet ynskjer ei synfaring/omvisning ved Storebø skule, vart ein enig om å leggja neste møte i utvalet til Storebø skule i august med rektor som omvisar.

Tenesteutvalet vil overlate til kommunestyret å peika ut dei politiske representantane til arbeidsgruppa.

**Vedtak**:
1. Kommunestyret vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe som lagar sak på skulestruktur til politisk handsaming i oktober, arbeidsgruppas samansetning:
   - 2 – 3 politikarar
   - Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen.

2. Kommunestyret vedtek at det blir arbeida vidare med kartlegging av kostnader i samband med Helsevernrapporten på Storebø skule og "Nordstrandbygget."

**021/10: Småtun barnehage og utestående arbeid i samband med helsevernrapport.**
**Vedtak**:
Kommunestyret vedtek å utsetje handsaminga av uteståande forhold i Småtun barnehage som synt i helsevernrapporten. Saka vert utsett fordi private aktørar har søkt om å få ta over Småtun barnehage. Kommunestyret ber om å få sak til politisk handsaming seinast i oktober.

**022/10: Søknad om etablering av utegruppe i Kolbeinsvik barnehage**
**Vedtak**:
Tenesteutvalet vedtek at Kolbeinsvik barnehage får starta utegruppe frå 15.08.2010.
Kolbeinsvik barnehage må sikre at det er nok pedagogisk personale i barnehagen jf *§ 1 Norm for pedagogisk bemanning* i Barnehagelova og at krava i *§10 Godkjenning* vert stetta.
Det vil ikkje bli høve til å auka barnetal utover det som er godkjent i forhold til areal.